



Utval:	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune
Stad:	Fjell rådhus, kultursalen
Dato:	02.10.2017
Tid:	09:00 - 12:15

Medlemer som møtte:

Kari-Anne Landro	Leder
Marianne Sandahl Bjorøy	Medlem
Børge Haugetun	Medlem
Egil Haaland	Medlem
Tom Georg Indrevik	Medlem
Ernst Morten Einarsen	Medlem
Odd Bjarne Skogestad	Medlem
Svein Petter Bergh	Medlem
Olav Kobbeltveit	Medlem
Nils Kåre Skoge	Medlem
May Elin Limevåg	Medlem
Jogeir Sognnæs	Medlem
Kjell Arve Vorland	Medlem
Silvia Haugland	Medlem
Espen Harkestad	Medlem
Ingrid Marie Toft	Medlem

Forfall:

Anita Garlid Johannessen	MEDL
--------------------------	------

Varamedlemer som møtte:

Daniel-Victor Sandvik

Andre:

Paul J. Manger prosjektleiar, Sølvi Fotland Spilde møtesekretær

Marianne Sandahl Bjorøy

Kari-Anne Landro

Børge Haugetun

underskrifter

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 1/17	Godkjenning av innkalling og saksliste
PS 2/17	Nye Øygarden kommune - konstituering av fellesnemnda
PS 3/17	Skriv, meldingar og orienteringar
PS 4/17	Budsjett for fellesnemnda, prosjektperioden 2017-2019
PS 5/17	Møteplan for fellesnemnda hausten 2017
PS 6/17	Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste for medlemmer av fellesnemnda
PS 7/17	Oppnemning av partssamansett utval og møteplan for partssamansett utval hausten 2017
PS 8/17	Politisk organisering av Nye Øygarden kommune, utval som skal oppnemnast i prosessen
PS 9/17	Prosjektmandat for arbeidet med å etablere Nye Øygarden kommune, inkl. utkast til milepelsplan
PS 10/17	Prosjektorganisering Nye Øygarden kommune
PS 11/17	Direkteoverføring av fellesnemnda sine møte via nett-TV
PS 12/17	Kommunal representant i kyrkjeleg fellesnemnd
PS 13/17	MOT Fest i Vest 2018
PS 14/17	Finansieringsordning for digitaliseringsprosjekt i regi av KS
PS 15/17	Lokalisering av prosjektstab for etablering av Nye Øygarden kommune
PS 16/17	Ymse

PS 1/17 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

Innkalling vart godkjent utan merknadar.

Sakslista vart godkjent med følgjande merknad:

Fellesnemnda var samd i å gjere følgjande endring i behandlingsrekkefølga på sakslista:

- Sak 11/17 vert behandla som nest siste sak før ymse.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

PS 2/17 Nye Øygarden kommune - konstituering av fellesnemnda

Innstilling:

Fellesnemnda konstituerer seg ved å velje følgjande personar som leiar og nestleiar:

Leiar:

Nestleiar:

Straume, den 26.09.2017

Paul J. Manger
Prosjektleiar

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

Val av leiar og nestleiar vart drøfta. Det vart særleg drøfta om fellesnemnda kan ha to nestleiarar. Det vart avklart at det er mogleg og fellesnemnda var samrøystes i å velje to nestleiarar i uprioritert rekkefølge; dei to ordførarane som ikkje vert leiar.

Det vart fremja to forslag til leiar:

Framlegg frå Jogeir Sognnæs om leiar for fellesnemnda: *Marianne Sandahl Bjorøy*

Framlegg frå Silvia Haugland om leiar for fellesnemnda: *Kari-Anne Landro*

Møtet vart stoppa for drøftingar før avstemming.

Det vart halde hemmeleg avstemming og Sølvi Fotland Spilde og Rune Lid var valde som teljekorps.

Resultat avstemming:

Leiarkandidat Marianne Sandahl Bjorøy – 7 stemmer

Leiarkandidat Kari-Anne Landro – 10 stemmer og vart vald

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

Fellesnemnda konstituerer seg ved å velje følgjande personar som leiar og nestleiarar:

Leiar: Kari-Anne Landro

Nestleiar: Marianne Sandahl Bjorøy

Nestleiar: Børge Haugetun

PS 3/17 Skriv, meldingar og orienteringar

Referatsaker

- Tilskot til infrastrukturtiltak i kommunar som slår seg saman, sjå vedlegg
- Status for ressursar i prosjekt Nye Øygarden kommune, sjå vedlegg
- Protokoll frå ekstra Generalforsamling i Gode Sirklar AS 26.09.17, sjå vedlegg

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

Referatsakene vart tekne til orientering.

PS 4/17 Budsjett for fellesnemnda, prosjektperioden 2017-2019

Innstilling:

Fellesnemnda godkjenner framlegg til budsjett for fellesnemnda. Budsjettet vert tatt opp til vurdering og revidering gjennom prosjektperioden. Prosjektleiari vil legge fram eit revidert budsjett i fellesnemnda sitt møte i desember 2017.

Straume, den 26.09.2017

Paul J. Manger
prosjektleiari

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

Fellesnemnda godkjenner framlegg til budsjett for fellesnemnda. Budsjettet vert tatt opp til vurdering og revidering gjennom prosjektperioden. Prosjektleiari vil legge fram eit revidert budsjett i fellesnemnda sitt møte i desember 2017.

PS 5/17 Møteplan for fellesnemnda hausten 2017

Innstilling:

Fellesnemnda godkjenner framlegg til møteplan for hausten 2017.

Straume, den 26.09.2017

Paul J. Manger
Prosjektleder

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

Møteplanen vart drøfta og samrøystes vedteken. Møtestad vert avgjort i sak 15/17.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

Fellesnemnda godkjenner framlegg til møteplan for hausten 2017.

PS 6/17 Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste for medlemmer av fellesnemnda

Innstilling:

1. Det vert utbetalt møtegodtgjersle på kr. 1.250,- til møtande folkevalde i fellesnemnda og partssamansett utval.
2. Tapt arbeidsforteneste for folkevalde i samband med møta vert utbetalt i samsvar med kommunane sine egne reglement.
3. Godtgjersle og tapt arbeidsforteneste skal utbetalast av den respektive kommune og dekkast av prosjektmidlane gjennom ei refusjonsordning.

Straume, den 26.09.2017

Paul J. Manger
prosjektleder

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

Det vart gjort ei avklaring som gjeld medlemmer med fast godtgjersle for politiske verv, som t.d. komiteleiarar. Dei vil få godtgjersle pr. møte i fellesnemnda.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

1. Det vert utbetalt møtegodtgjersle på kr. 1.250,- til møtande folkevalde i fellesnemnda og partssamansett utval.
2. Tapt arbeidsforteneste for folkevalde i samband med møta vert utbetalt i samsvar med kommunane sine egne reglement.
3. Godtgjersle og tapt arbeidsforteneste skal utbetalast av den respektive kommune og dekkast av prosjektmidlane gjennom ei refusjonsordning.

PS 7/17 Oppnemning av partssamansett utval og møteplan for partssamansett utval hausten 2017

Innstilling:

1. Partssamansett utval skal ha følgjande medlemmer frå fellesnemnda:

.....
.....
.....
.....
.....
.....
.....
.....
.....

2. Partssamansett utval skal ha følgjande medlemmer frå dei tillitsvalde:

Fjell kommune:

Medlem: Utdanningsforbundet ved hovudtillitsvald Nina Zandstra

Medlem: Fagforbundet ved hovudtillitsvald Bodil Aleksandersen

Varamedlem:

Sund kommune:

Medlem: Utdanningsforbundet ved hovudtillitsvald Cathrine Olsen

Medlem: Fagforbundet ved hovudtillitsvald Hildegunn Høyland

Varamedlem: Delta ved hovudtillitsvald May Britt Hansen

Øygarden kommune:

Medlem: Utdanningsforbundet ved hovudtillitsvald Vibecke Hodnekvam

Medlem: Fagforbundet ved hovudtillitsvald Solveig D. Rong

Varamedlem: Delta ved hovudtillitsvald Anne Grethe Andersen

3. Framlegg til møteplan hausten 2017 for partssamansett utval:

Onsdag 8. november kl 09.00 - 11.00

Onsdag 29. november kl 09.00 - 11.00

Møtestad: Nye Øygarden kommune, Skjenet 2

Straume, den 26.09.2017

Paul J. Manger

prosjektleiar

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

Saka vart drøfta og Marianne Sandahl Bjorøy fremja eit forslag om å redusere talet på politiske medlemmer i det partssamansette utvalet frå 17 til 9, med 3 representantar frå kvar kommune. Det vart samtidig føreslått at ordførar og varaordførar i dei tre kommunane får to av verva. Øygarden må finne ei anna løysing då dei ikkje har varaordførar i fellesnemnda.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Møtet vart heva for drøfting før endeleg framlegg av medlemmer til utvalet.

Framlegg til medlemmer i partssamansett utval i tillegg til ordførarar og varaordførarar:

- *Anita G. Johannessen*
- *Jogeir Sognnæs*
- *Silvia Haugland*
- *Espen Harkestad*

Framlegg til medlemmer i partssamansett utval vart samrøystes vedtekne.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

1. Partssamansett utval skal ha følgjande medlemmer frå fellesnemnda:

Frå Fjell

- Marianne Sandahl Bjorøy
- Tom Georg Indrevik
- Anita G. Johannessen

Frå Sund

- Kari-Anne Landro
- Nils Kåre Skoge
- Jogeir Sognnæs

Frå Øygarden

- Børge Haugetun
- Silvia Haugland
- Espen Harkestad

2. Partssamansett utval skal ha følgjande medlemmer frå dei tillitsvalde:

Fjell kommune:

Medlem: Utdanningsforbundet ved hovudtillitsvald Nina Zandstra

Medlem: Fagforbundet ved hovudtillitsvald Bodil Aleksandersen

Varamedlem:

Sund kommune:

Medlem: Utdanningsforbundet ved hovudtillitsvald Cathrine Olsen

Medlem: Fagforbundet ved hovudtillitsvald Hildegunn Høyland

Varamedlem: Delta ved hovudtillitsvald May Britt Hansen

Øygarden kommune:

Medlem: Utdanningsforbundet ved hovudtillitsvald Vibecke Hodnekvam

Medlem: Fagforbundet ved hovudtillitsvald Solveig D. Rong

Varamedlem: Delta ved hovudtillitsvald Anne Grethe Andersen

3. Møteplan hausten 2017 og januar 2018 for partssamansett utval:

- Onsdag 8. november kl. 09.00 - 11.00
- Onsdag 10. januar kl. 09.00 - 11.00

PS 8/17 Politisk organisering av Nye Øygarden kommune, utval som skal oppnemnst i prosessen

Innstilling:

1. Fellesnemnda oppnemner eit utval som går gjennom den politiske styringsstrukturen i prosessen fram mot etablering av Nye Øygarden kommune. Utvalet vil òg foreslå delegasjonsreglement for Nye Øygarden kommune. Utvalet skal rapportere til fellesnemnda. Prosjektleiars stab vil vere sekretariat for utvalet.
2. Fellesnemnda oppnemner eit utval som ser på eigarskapsmodellar for kommunale føretak og aksjeselskap i Nye Øygarden kommune. Utvalet skal rapportere til fellesnemnda. Prosjektleiars stab vil vere sekretariat for utvalet.
3. Fellesnemnda oppnemner leiar, medlemmar og varamedlemmer i utval for politisk styringsstruktur:

1. Medlem.....	varamedlem.....
2. Medlem.....	varamedlem.....
3. Medlem.....	varamedlem.....
4. Medlem.....	varamedlem.....
5. Medlem.....	varamedlem.....
6. Medlem.....	varamedlem.....
7. Medlem.....	varamedlem.....

Leiar for utval for politisk styringsstruktur vert:

4. Fellesnemnda oppnemner leiar, medlemmar og varamedlemmer til utval for eigarskap:

1. Medlem.....varamedlem.....
2. Medlem.....varamedlem.....
3. Medlem.....varamedlem.....
4. Medlem.....varamedlem.....
5. Medlem.....varamedlem.....

Leiar for utval for eigarskap vert:

Fellesnemnda ber om at det til neste møte vert lagt fram utkast til mandat for dei to utvala.

Straume, den 26.09.2017

Paul J. Manger
prosjektleiar

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

Det vart under drøfting av saka stilt eit spørsmål om fellesnemnda burde ha eit valstyre. Prosjektleiar vart beden om å vurdere å legge fram ei sak til neste møte om val av ei valnemnd.

Innstillinga vart samrøystes vedteken med framlegg om følgjande kandidatar til dei to utvala:

Politisk styringsstruktur

Frå Fjell

- Marianne Sandahl Bjorøy - leiar
- Ernst Einarsen
- Kristin Brennhaug

Frå Sund

- Jogeir Sognnæs
- Jørgen Kausland
 - Elisabeth Toft Erichsen – 1. vara
 - Ørjan Telle – 2. vara

Frå Øygarden

- Børge Haugetun
- Ingrid Marie Toft
 - Espen Harketstad – 1. vara
 - Silvia Haugland – 2. vara

Eigarskapsmodellar

Frå Fjell

- Egil Haaland
- Helena Morland Hansen
- Daniel Victor Sandvik

Frå Sund

- Per Eikeseth
 - Nils Kåre Skoge – vara

Frå Øygarden

- Atle Dāvøy
 - Silvia Haugland – vara

Det var semje om å nytte ei numerisk varaliste framfor personlege varamedlemmer. Det må leggst fram ei sak til neste møte i fellesnemnda som gjeld supplering av varamedlemmer for Fjell kommune og eventuelle justeringar i høve til kjønnsbalanse i utvala.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

1. Fellesnemnda oppnemner eit utval som går gjennom den politiske styringsstrukturen i prosessen fram mot etablering av Nye Øygarden kommune. Utvalet vil òg foreslå delegasjonsreglement for Nye Øygarden kommune. Utvalet skal rapportere til fellesnemnda. Prosjektleiari sin stab vil vere sekretariat for utvalet.
2. Fellesnemnda oppnemner eit utval som ser på eigarskapsmodellar for kommunale føretak og aksjeselskap i Nye Øygarden kommune. Utvalet skal rapportere til fellesnemnda. Prosjektleiari sin stab vil vere sekretariat for utvalet.
3. Fellesnemnda oppnemner leiari, medlemmar og varamedlemmer i utval for politisk styringsstruktur:

Frå Fjell

- Marianne Sandahl Bjorøy
- Ernst Einarsen
- Kristin Brennhaug

Frå Sund

- Jogeir Sognnæs
- Jørgen Kausland
 - Elisabeth Toft Erichsen – 1. vara
 - Ørjan Telle – 2. vara

Frå Øygarden

- Børge Haugetun
- Ingrid Marie Toft
 - Espen Harkestad – 1. vara
 - Silvia Haugland – 2. vara

Leiari for utval for politisk styringsstruktur vert: **Marianne Sandahl Bjorøy**

4. Fellesnemnda oppnemner leiari, medlemmar og varamedlemmer til utval for eigarskap:

Frå Fjell

- Egil Haaland
- Helena Morland Hansen
- Daniel Victor Sandvik

Frå Sund

- Per Eikeseth
 - Nils Kåre Skoge – vara

Frå Øygarden

- Atle Dāvøy
 - Silvia Haugland – vara

Leiar for utval for eigarskap vert: *Atle Dāvøy*

Fellesnemnda ber om at det til neste møte vert lagt fram utkast til mandat for dei to utvala.

PS 9/17 Prosjektmandat for arbeidet med å etablere Nye Øygarden kommune, inkl. utkast til milepelsplan

Innstilling:

1. Fellesnemnda vedtek framlagte mandat for det vidare arbeidet med å skipa Nye Øygarden kommune.
2. Fellesnemnda tek prosjektleiaren si førebelse skisse til milepelsplan til orientering, og føreset at prosjektleiaren utviklar og oppdaterer denne i forståing med fellesnemnda.

Straume, den 26.09.2017

Paul J. Manger
prosjektleiar

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

Saka vart drøfta.

Marianne Sandahl Bjorøy hadde forslag om to nye punkt til milepelsplanen:

- Omstillingsavtale
- Beredskapsplan

Det var semje i fellesnemnda om å legge til begge punkta.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

1. Fellesnemnda vedtek framlagte mandat for det vidare arbeidet med å skipa Nye Øygarden kommune.
2. Fellesnemnda tek prosjektleiaren si førebelse skisse til milepelsplan til orientering, og føreset at prosjektleiaren utviklar og oppdaterer denne i forståing med fellesnemnda.

PS 10/17 Prosjektorganisering Nye Øygarden kommune

Innstilling:

Fellesnemnda legg vedlagte modell for prosjektorganisering av arbeidet med Nye Øygarden kommune til grunn for det vidare arbeidet.

Straume, den 26.09.2017

Paul J. Manger
prosjektleder

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

Fellesnemnda legg vedlagte modell for prosjektorganisering av arbeidet med Nye Øygarden kommune til grunn for det vidare arbeidet.

PS 11/17 Direkteoverføring av fellesnemnda sine møte via nett-TV

Innstilling:

Fellesnemnda vedtek at møta i fellesnemnda vert overførte på nett-TV. Prosjektleder vert beden om å gjennomføra etablering av nett-TV basert på det som går fram av saksutgreiinga.

Straume, den 26.09.2017

Paul J. Manger
prosjektleder

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

Saka vart behandla som siste sak.

Innstillinga var samrøystes vedteken med val av alternativ 3.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

Fellesnemnda vedtek at møta i fellesnemnda vert overførte på nett-TV. Prosjektleder vert beden om å gjennomføra etablering av nett-TV basert på det som går fram av saksutgreiinga alternativ 3.

PS 12/17 Kommunal representant i kyrkjeleg fellesnemnd

Innstilling:

Fellesnemnda oppnemner til representant i den kyrkjelege fellesnemnda.

Straume, den 26.09.2017

Paul J. Manger
prosjektleder

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

Følgjande framlegg til representant og vararepresentantar vart samrøystes vedteke:

- Fast representant : Odd Bjarne Skogestad
- 1. vararepresentant: Atle Dåvøy
- 2. vararepresentant: Anita G. Johannessen

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

Fellesnemnda oppnemner Odd Bjarne Skogestad til representant i den kyrkjelege fellesnemnda.

Følgjande vararepresentantar vart valt:

1. Atle Dåvøy
2. Anita G. Johannessen

PS 13/17 MOT Fest i Vest 2018

Innstilling:

Fellesnemnda ser arrangementet MOT Fest i Vest 2018 som eit arrangement som er viktig og sentralt for kommunane Fjell, Sund og Øygarden å støtte opp om. Innrettinga på den økonomiske støtta vil kommunane og fellesnemnda ta standpunkt til når MOT kjem med eit detaljert program og budsjett for det som skal skje i 2018.

Straume, den 26.09.2017

Paul J. Manger
prosjektleder

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

Saka var drøfta. Det vart særskilt trekt fram at gratisprinsippet bør følgjast. I tillegg vart det poengtert at MOT treng eit tydeleg signal frå fellesnemnda om økonomisk støtte til arrangementet.

Framlegg frå Kari-Anne Landro om å la leiargruppa arbeide vidare med saka og komme tilbake med ei meir detaljert sak til fellesnemnda.

Innstillinga vart samrøystes vedteken med eit tillegg om at leiargruppa går i dialog med MOT og kjem tilbake med ei detaljert sak som inkluderer løyvingar.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

Fellesnemnda ser arrangementet MOT Fest i Vest 2018 som eit arrangement som er viktig og sentralt for kommunane Fjell, Sund og Øygarden å støtte opp om. Innrettinga på den økonomiske støtta vil kommunane og fellesnemnda ta standpunkt til når MOT kjem med eit detaljert program og budsjett for det som skal skje i 2018. Leiargruppa i fellesnemnda går i dialog med MOT og kjem tilbake med ei detaljert sak som inkluderer løyvingar.

PS 14/17 Finansieringsordning for digitaliseringsprosjekt i regi av KS

Innstilling:

Fellesnemnda løyver inntil kroner 800 000 til finansieringsordning for digitaliseringsprosjekt i regi av KS, ref. invitasjon i vedlagte brev.

Straume, den 26.09.2017

Paul J. Manger
prosjektleder

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

Det vart drøfta utsetting av saka etter framlegg frå Tom Georg Indrevik.

Fellesnemnda var samd i at dei ønskjer meir informasjon frå KS om mellom anna kva kommunane får igjen for pengane som vert investert i eit digitaliseringsprosjekt. I tillegg ønskjer fellesnemnda å innhente meir informasjon om samordning med andre kommunar, med referanse til Bergen kommune sitt initiativ til digitaliseringsstrategi.

Fellesnemnda var samrøystes i å utsette saka.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

Saka vert utsett for å innhente meir informasjon frå KS, i samsvar med drøftinga i saka.

PS 15/17 Lokalisering av prosjektstab for etablering av Nye Øygarden kommune

Innstilling:

1. Fellesnemnda godkjenner at prosjektleder og hans stab er lokalisert i Vestnytt bygget, Skjenet 2 på Straume.

2. Fellesnemnda sluttar seg til at fellesnemnda sine møte og andre møte i regi av prosjektet, vert lokalisert til Skjenet 2.
3. Fellesnemnda tek til orientering at Fjell kommune ikkje krev dekking av husleige frå prosjektet.

Straume, den 28.09.2017

Paul J. Manger
prosjektleder

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

Saka vart drøfta med ulike synspunkt om val av lokalitet for prosjektorganisasjonen.

Det kom ikkje andre framlegg til lokalitet for prosjektorganisasjonen og innstillinga vart samrøystes vedteken med eit felles framlegg om å opne for at det kan haldast møte i andre lokale dersom behov eller ønskje.

Pkt. 2 blir difor endra slik, med endring i kursiv:

2. Fellesnemnda sluttar seg til at fellesnemnda sine møte og andre møte i regi av prosjektet, i *hovudsak* skal lokalisert til Skjenet 2.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

1. Fellesnemnda godkjenner at prosjektleder og hans stab er lokalisert i Vestnytt bygget, Skjenet 2 på Straume.
2. Fellesnemnda sluttar seg til at fellesnemnda sine møte og andre møte i regi av prosjektet, i hovudsak skal lokalisert til Skjenet 2.
3. Fellesnemnda tek til orientering at Fjell kommune ikkje krev dekking av husleige frå prosjektet.

PS 16/17 Ymse

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 02.10.2017:

Tom Georg Indrevik

- Kollektivtransport og vegutbygging er viktig for utviklinga i Nye Øygarden kommune. Fellesnemnda ber difor administrasjonen om å legge fram ei sak om utarbeiding av ei

utgreiing som kan belyse positive og negative sider ved å søkje om å ta over ansvaret for kollektivtransporten og fylkesvegane.

Fellesnemnda hadde ei kort drøfting av innspelet kor det vart poengtert at dette var ei oppgåve som ikkje kunne prioriterast for prosjektorganisasjonen, men at prosjektleiar vurderer innspelet og om det skal leggest inn i milepelsplanen.

Ernst Einarsen

- Kan prosjektleiar informere kort om status og framdrift for prosjektet, gjerne på kvart møte?

Prosjektleiar informerte kort om arbeidet så langt kor mykje av tida har gått til organisering av lokalitet og stab, samt førebu saker til første møte i fellesnemnda. Prosjektleiar har også hatt møte med rådmennene og hovudtillitsvalde. I tida framover vert det planlagt møte med mellom anna lag, organisasjonar og næringsliv. Det vert også prioritert kontakt med andre kommunar som skal slå seg saman for å dele erfaringar. Prosjektleiar vil legge opp til ei statusmelding i framtidige møte til fellesnemnda.